



DEN NORSKE KYRKJA  
Kyrkja i Tokke

*La konn seia at eg kjem med hest og klyv, å du gjeng med  
ein kallege kasse på ryggen. Og så seie eg: Kom med  
kassen din, so legg me den uppi klyve.*

*Nettopp slik er det med det åndelege.*

*Kyrkja er for det store fleirtalet eit feste, eit naudsynt feste utanom ein sjølv.*

(Olav Nordstoga, den gong ordførar i Vinje, i helsing til 200-års jubileet for Vinje kyrkje 1996.)

### **Diakoni er fellesskap og ansvar.**

Frivillige så vel som tilsette i vår kyrkje driv alle diakoni. Samstundes har somme fått eit fagleg ansvar, ramma inn av tenesteordningar og planverk. Denne rapporten fortel om arbeidet mitt som prostidiakon i Vest- Telemark det vil seie Tokke, Vinje, Nissedal, Fyresdal og Kviteseid i 2022.

**Diakoni er ein draum om det som er rett og godt.** Gud såg på Skaparverket sitt og såg at det var *såre godt*. Men av og til, slett ikkje så sjeldan råkar nauda oss alle. Det kan vera krigen i Ukraina, jordskjelv, flaumar, klimaendringar eller tragiske ulukker i våre lokalsamfunn.



Diakonien skal, som den miskunnsame samaritan (Lukas 11, 25-37), stoppe opp ved dei som ligg på vegen. Helle vin og olje på sår, få folk til eit herberge, og gjerne legge ut for dei om dei ikkje kjem seg vidare.

### **Diakonien er ein del av kyrkjas samfunnsarbeid.**

Praktisk diakoni tyder å ta tak i oppgåver som ingen andre gjer og ikkje minst gå imellom, vera som olje i det store samfunnsmaskineriet. Diakoni er sitt vesen samfunnsendrande, fordi han bygger på Jesus tanke

om å skape rettferd. Han vil gjera liva betre for folk, reise opp og myndiggjer. Så då må ein få gjort noko med røvarplagene på vegen mellom Jerusalem og Jeriko. Røvarane treng og diakoni, og utdanning og innlemming i samfunnet.

Dei fyrste kristne kyrkjelyd var etter kvart store. Lærersveinane sleit med å få tid til alt. Det var strid og kiv, somme vart stengd ut frå fellesskapet. Nokon måtte ta tak i dei praktiske tenestene. Som å sørge for mat på bordet, og anna hjelp. Slik vart dei fyrste diakonar til.

*På denne tida, då talet på lærersveinar stadig auka, tok dei gresktalande til å klaga på dei hebraisktalande fordi deira eigne enkjer vart sette til sides ved den daglege hjelpetenesta. Dei tolv*



kalla då saman alle lærersveinane og sa: «Det er ikkje rett at vi forsømer Guds ord for å gjera teneste ved borda. Vel no ut blant dykk, brør, sju menn som har godt ord på seg og er fylte av Ande og visdom. Dei set vi til denne oppgåva. (Apostelgjerningane 6)


I 2022 har kome til ekstra utfordringar med økonomi for folk flest. Straum og renter har auka monaleg, og mange slit med å klare seg. Før jul, kom det pengar frå ein julespleis på 23 000. oppretta av Rune Ringhus i Rauland, og ei løyving frå kommunestyret i Fyresdal på 75 000 til oppmuntring til folk som slit. Ei stor tillitserklæring til kyrkje og diakoni som det bre er å takke for.

Etter litt avis- og Facebook omtale, samt kontakt med kyrkjekontora og offentlege tenester, som vaksenopplæringane og psykiatrien, vart 30 matkasser delte ut før jul.



**Diakoni handlar om å ta noko av himmelen på forskot.** Hente det himmelske ned til jorda, som god kaffi. Difor er kaffiavtalar noko ein må ha som Prostidiakon i Vest- Telemark. Så får desse kaffi-avtalene vera utsyn for at det grunnleggande relasjonsarbeidet framleis er viktig, og bensinstasjonar er fra gode stad på møte folk. Takk til folka der, dei gjer mykje godt for folk.

Statistikken syner eit oversyn over samtalene innan dei ulike fellesrådsområda og DPS i Seljord. (Skogsleiren i Fyresdal vart nedlagt 1.feb 2020.)



**Diakoni er å møte nåden.** I eit diakonalt – eksistensielt møte i døra på veg ut av 2022, med 32 års fartstid som diakon i Vest Telemark, ser eg at det er blitt færre diakoniutval, og diakonien heller ikkje blitt eit meir sentralt tema i sokneråd og stab. Så får eg be om nok nåde til også å leve med det, og heller ta ein liten sving innom Tusten. Hovudperson i Fuglane av Tarje Vesaas( 1897-1970) , men også å finne i ei av Tarje sine noveller. Tusen er kalla opp etter ei tørrgran, og står på utsida av

## ÅRSRAPPORT for PROSTIDIAKONEN I VEST-TELEMARK 2022

bygdesamfunnet. Ein dag møter Tusten ein granne som ber han om å ta på seg noko arbeid med vinterveden. Mannen kallar han med døypenamnet Mattis, og Mattis får identitet: ”Og alle som, sa Mattis, fekk som ei stjerne fest ved seg. Om det hende at noken tala til han, sa dei sjeldan namnet hans. Han visste godt at han ikkje heitte anna enn Tusten folk imellom.” Eg har no jamt tenkt at det må vera slik Jesus kalla læresveinar den gong – og i dag. Og så slik ein møter og får med seg frivillige medarbeidar. Mattis nyt augneblikket, som Vesaas skriv :”Let Tusten få stå i nåden . Tusten stod kurstille i nåden, og venta.»



Den nåden me får fordi Jesus vart krossfest, døydde og vart gravlagt, for ned til dødsriket, og stod opp tredje dagen. Slik blir krossen eit symbol på von, men minner oss og om alle som dagleg vert krossfest, bokstavelege og biletleg. I lomma ber eg alltid eit par krossar, laga på KVITO i Vinje. Det overlever vaskemaskin og blir berre finare dess meir ein held dei handa. Det ti år sidan no KVITO byrja med krossproduksjon. Gjennom desse åra har eg levert ut vel 1000 krossar. Dei er lagt på sjukerom, i henda på nokon som kanskje trengte noko å halde i der og då, og dåpsbarn eller konfirmantar. Krossen sprikar som menneske, det må me leve med.


Bob Dylan fortel ein stad om korleis han sopte med seg ein kross som noko hadde hive opp på scena ein kveld. Det det sette gang tankar som leidde fram til ei Jesus- tru. Så vil eg tru som Bob, I songen «Every grain of sand» frå Shot of Love i 1981.

*I gaze into the doorway of temptation's angry flame  
And every time I pass that way I'll always hear my name  
Then onward in my journey I come to understand  
That every hair is numbered like every grain of sand*

I november kunne eg glede meg over to vekers studie permisjon i Etiopia. Føremålet var å sjå nærar på prosjektet Kyrkjeskogar som Kirkens Nödhjelp er engasjert der i landet. Det var to gjevande veker, takk til arbeidsgjevar for dette høvet til å bli inspirert.

Den Ortodokse kyrkja i landet har tradisjon attende til 300-talet, og ei sterkt ansvarsjkjensle for klima. Ortodoks teologi ber oss fare fint med jorda. Forvaltartanken er viktig. Det me har rundt oss er til låns. I eit samarbeid med Kirkens Nödhjelp er Etiopias kyrkjeskogar kartlagt. Rundt kvar einaste ortodokse kyrkje og kloster fins ein skog. Skogen er våre lunger, heiter det i ortodoks teologi. Ein rett tanke også i klimasamanheng. Ei biverkand av heile Kyrkjeskogprosjektet er at skogene også funkar som frøhvel.

Ein stad på ta vare på biologisk mangfald. I eit land der trøngen for ved til matlaging og oppvarming er stort og skogsressursane stort sett høgd ut, respekterer folk kyrkjeskogane. I etiopisk- ortodoks teologi seier ein gjerne, at ei kyrkje utan skog , er som eit menneske utan klede. Korleis me skal i endå større grad skal kunne arbeide mot klimaendringane, veit eg mest ikkje.



Dei siste FN rapporten fortel oss at me styrer mot ei oppvarming på 2, 7, og seier det vil kaste verda ut i «endelause lidingar. Ei sann kyrkje kan ikkje leve med å vera unnvikande og utsydeleg i sin bodskap. Dei to siste områda i vår Diakoniplan frå 2007 heier Vern om skaparverket og Kampen for rettferd. Det er det det

handlar om. Rett før jul vart det vedteke ein Naturmangfaldslov i Canada, som fortel at det biologiske mangfaldet er viktig.

For diakoniens del er det viktig å ta vare på det menneskelege mangfaldet, og då er Jesu spørsmål til den fattige Bartimeus viktig:

**Kva vil du at eg skal gjere for deg?** Eg er redd me ikkje vil like svara, om me stilte spørsmålet til verdas fattige.

Kyrkjerådsleiar Kristin Gunleiksrud Raauem sitt ønske er at kyrkja stiller Jesus spørsmål vidt og breitt: Til stat og kommune, til ordførarar og rådmenn, kommunestyrer, til lag og organisasjonar, til enkelt menneske, til oss sjølv. Kva treng me blir gjort hjå oss? Kven treng vår hjelp nå? Kva treng eg at Jesus gjer for meg? Diakonien vil vera ei kraft i gjera samfunnet betre, ta litt av himmelen på forskot. Men la menneske sjølv definere kva dei treng.



Krigen i Ukraina gjer noko med oss alle. Men det er von i at flyktningar finn tryggleik her.

I solidaritet med verdas flyktningar har Øvre Telemark prosti sidan 2015 markert FN sin Flyktningedag den 20.juni. I år var staden Kviteseid. Vel seksti menneske deltok i ei vandring med påfølgjande song og musikk og appell av Mona Bøe frå Kirkens Nödhjelp.

*Å gå gjev von. Går ein, vil ein leve. Går ein, er det for livet. Om det ikkje var ei framtid, ein veg, ville aldri folk bry oss om å gå.*

Det får også lov å inspirere diakonien til medvandring på mange vis.



**Lov å vere nær.** Eg har sett det ofte. No sist i Rauland. Verda stoppar opp. Nokon er blitt borte i ulukke. Så gjerne ein skulle sett at slikt ikkje hende. Det meiningslause som berre er meiningslaust. Men slik er det å verda menneske, angst og glede om kvarandre.

Så mangt fins i sorga. Uro og angst. Varme handtrykk, klemmar og tårer. Bygder og menneske som bryr seg. Folk strøymer til. Treng og gjere noko. Ambulanse, og politi kjem, godt organisert, med bankande hjarter under uniforma.

Rundt om i heimane spør mange seg: Kva kan me gjere?

Orda stoppar opp, dei finst mest ikkje slike dagar. Men med folka kjem nærveret som er meir enn ord. Det store er at folk er det at folk er der med seg sjøve. Det er store er at folk bryr det. Det blir sittande att i minne til dei som skal bere sorga lengst.

## ÅRSRAPPORT for PROSTIDIAKONEN I VEST-TELEMARK 2022



Så tydeleg på slike dagar; at me alle er viktige. Det dukkar og opp som ein tanke slike dagar. Det blir tomrom etter kva og ein av oss. Tydelegast for dei næreste. Men når ulukka råkar bygdene, får me alle lov å vere nære. Det er òg ein verdi.

(Diakonispalta i Vest- Telemark Blad 13.12.22)

**Når brå død råkar bygdene våre er kyrkas kompetanse god å ha.** Då blir kyrkja relevant som ein møtestad, eit folkets hus , ein plass for von. med kompetente folk som kan sitt fag. Ein veit at open kyrkje, klokkinginga, gravopning, orgelspelet, salmar og liturgi er godt sorgarbeid. Midt i det

vonde, er  
det fint å ta  
del i  
tverrfaglege  
samarbeid,  
i kyrkja så  
vel ilag  
med gode  
offentlege  
tenester.

Menneske  
treng minst  
to ting,  
også i  
sorga, å bli  
sett og at  
nokon reint  
fysisk held  
i ein.

Sorgarbeid  
er hardt.  
Det er  
slitsamt å  
ha sorg,  
difor kan

det gjera godt å senke kista ned i grava med taug, eller vera med å lukke grav. Ein gammal Møsstrands-skikk som også var nytta i Rauland før jul. Etter at grava er pussa på, legg ein spadane i kross, bøyer seg ned og presten leier forsamlinga i Fader Vår, og heilt til slutt teiknar folket rundt krossar på gravhaugen.

Det er godt å jobbe som ei team når vonde ting skjer. Her er sorg nok til alle, og teamarbeidet hjelper alle til å stå i det. Kyrkja har og ein sentral plass i dei Psyko- sosiale kriseteama i Vest- Telemark. Tenester på tvers av einingar og fag er viktig i kriser, det sikrar god hjelp til dei råka vidare. Innan



dette feltet har kyrkja ei særskild god kompetanse på seremoniar og markeringar, både i og utanom kyrkjeromet.

Etter tenesteordninga er det eit særskilt ansvar for diakoniteneste å følgje opp sørgande. Det vert gjort gjennom einskild samtaler og grupper. Sist år har det vore ulike sorggrupper (Gå- vidare/ Leva- Vidare) i Tokke, Fyresdal og Vinje. Ei av gruppene hadde ein frivillig medarbeidar, ei annan var i samarbeid med psykiatri tenesta. (Tokke). Tel ein opp samla deltakar på desse sorggruppene er dert 106. Prosjektet Vandring For Forandring fokuserer på menn som har mista nokon i sjølv mord. Bakgrunnen er fagfolk si vurdering av at menn er særskilt sårbarer pårørande.

**Diakonien som stoppenål.** Under oppveksten min stopp mamma sokkane min. No er mor er død, og ein har sluttat å stoppe sokkar. Men i diakonalt bilet- språk betyr at diakonien trår til der det trengs, og ofte gjer det som ingen andre gjer. Fordi ein har kunnskap og ei stoppenål på seg, kan ein berge mange situasjonar . Stopping er ofte noko ein gjer i rein naud, så får målet vere reine, nye sokkar. Dei tretti matkassene som vart delt ut til jul passar godt inn i metaforen, men til slutt er det ikkje meir å stoppa på, og då må ein sjå korleis ein elles kan hjelpe utsette til nye og betre sokkar.

Om det ikkje er nok å vera stoppenål, er det og ei oppgåve å vera Guds andedrag i verda. Eller som det heiter i musikalen Les Miserabel: Å elske ein annan, er å sjå Guds andlet. Vår oppgåve er å ta vare på både menneskeliv og Skaparverk.

Heilag er jorda  
Heilag er jorda.  
Heilag er Guds himmel  
Heilagt den nyføddes andedrag  
Gjennom det tandre  
Livet på jorda  
Anar vi Guds hjartelag

Tider skal kome  
Tider gå til grunne  
Slekt følgje slekter, gong på gong  
Aldri forstummar  
Tonen frå Himmelen  
I våre hjartes djupe song

Englane song den  
Først for frosne gjetarar  
Skjelvande glade, av gleda møtt  
Fred over Jorda!  
Fiendar stilnar

Til Jorda er no Gud sjølv fødd



Det er lyrikaren Åsmund Bjørnstad (f. 1951), med røter i Fyresdal, ein kan takke for dei nye orda i den gamle «Deilig er jorden» av Bernhard Severin Ingemann (1789- 1862) (Henta frå Klassekampen i romjula.)

## Arbeidsområde.

**Oppretting og oppfølging av diakoniorgana i kyrkjelydane i Tokke, Vinje, Nissedal, Kviteseid og Fyresdal.** Det er diakoniutval i Kviteseid, Nissedal, og Fyresdal. Utvala har ansvar for



blomehelsingar, helgemesse og diakonidagar. Desse sokna har oppdatera Diakoniplanar Vinje/Nesland, Kviteseid, Fyresdal og Nissedal.

**Forkynning og undervisning om diakoni.** Dette skjer gjennom gudstenester (20), diakoniundervisning for konfirmantane, kursverksemd,

diakoniutvals- og soknerådsmøte og diakonispalta i Vest Telemark Blad, og gjennom podcast serien Diakonalgang.



**Opplæring og utdanning av frivillige medarbeidrarar.** Så godt som råd blei det prøvd å følgje opp dei friviljuge. Målet var at dei ein eller annan gong gjennom året, får ei rose. Diakonisamlinga for Vest-Telemark er eit årleg og godt samlingspunkt. I år var Nissedal vertskap, og Liv Lia fekk Diakoniprisen.

**Samarbeid med sokneråd og kyrkjelege tilsette.** Samarbeidet skjer på mange felt. Mellom anna gjennom møte med sokneråd og diakoniutval. Siste år har eg delteke på møte med sokneråda i Tokke og Fyresdal, og stabsmøter i Tokke, stabstur med Vinje-staben til Bergen og juleavslutning med Kviteseid-staben.

**Arbeid med å styrke fellesskap og opprette omsorgsgrupper.** Sist år har eg hatt ei "Gå vidare - gruppe i Åmot. ( 8 gonger med 59 deltakarar.) Avslutta ei felles sorggruppe for Tokke og Fyresdal ( tre samlingar/ 12 deltakarar) . I samarbeid med Psykisk Helse i Tokke ved Guro H. Carlsen leia ei gruppe for etterlatne etter sjølvmort. (Tre samlingar med 6 seks deltakarar.) I samarbeid med prest og kyrkjeleverje i Fyresdal starta ei Gå- vidare gruppe. ( To samlingar med 16 deltakarar.) I lag med Kamilla Langen leia ei Leva- vidare i Edland ( 3 samlingar med 6 deltakarar). På Kvitsund held den gamle tradisjon med Guys -group" fram (2 gonger med 20 deltakarar). Kvileplassen ( ei gruppe for pårørande til demente) i samarbeid med Tokke Frivilligsentral er halde to gonger med 6 deltakar. I år var det starta ein ny Kvileplass i Nissedal i samarbeid med Frivillig- sentralen. ( 5 gonger med 20 deltakarar).



**Diakon ved DPS i Seljord**. Sidan 2011 er prostidiakonen hyra inn får gje diakonale tenester til DPS i Seljord. Her vert det gjeve tilbode om samtaler og Livssynsgruppe gjennom trefftider annankvar veke. Talet på samtaler er 30 det er halde 17 gruppessamlingar med 38 deltagarar.

**Gje hjelp til menneske i akutte og vanskelege livssituasjonar.** Jamt over tredje kvar veke kjem det nye kontaktar. Elles er det utrykkingar i samband med arbeid i krisegruppene.

**Stoff til kyrkjelydsblad, radio og nettstader** Diakonispalat i Vest Telemark Blad er ein fin måte å få



ut diakonale drypp på. (46). I Telemark Tidende i Telemarksavisa har eg ei spalte kalla "Påfyll". (38) I samband med Fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp får me disponere tre avissider i VTB. Prostidiakonen har Facebookside. No er det 1373 som likar ho. Kyrkjelydsblaða får og jamleg stoff. Elles prøver ein så godt ein kan å gje formidle stoff til avisene og NRK. I 2019 blei det lansert ein podkast kalla



«Diakonalgang». Ved årsskiftet er dei lasta ned 3095 gonger. Tre nye episodar er sendt ut dette året.


**Ha kontakt med offentlege sosialteneste og humanitære organ.** Prostidiakonen er med i dei Psykososiale krisetema i Nissedal, Vinje, Tokke og Kviteseid og Fyresdal. Elles er det gjennom året vore kontakten med Vest-Telemark Rådet, ulike skular, NAV, barnevern og KVITO. Ei store glede er samarbeidet med psykisk helse i dei seks Vest -Telemark kommunane, KVITO og DPS ) om "Å vandre med håp". Vandringa vart gjennomført for 14. gong. Eit positivt og viktig verv er det også å vera med i Brukarutvalet for NAV- Vest-Telemark.



*Sidan 1985 har Vest-Telemark hatt Prostidiakon. Prostidiakonen i Vest-Telemark er eit samarbeid mellom sokneråd og kyrkjelege fellesråd i Tokke, Vinje, Nissedal, Kviteseid og Fyresdal. Pengane til stillinga kjem dels frå dei samarbeidande partane og Agder og Telemark bispedømeråd. Diakonatet har eit valt styre. Styreleiar er Oscar J. Garnes, Vinje. Tokke kyrkjelege er vertsfellesråd, har arbeidsgjevaransvar og fører rekneskapen. Dalen er kontorstad for prostidiakonen.*

**Aktivitet i dei einskilde fellesrådsområda.**

**Vinje.** Tre stabsmøter og ein Stabstur til Bergen / leia ei Gå - Vidare gruppe (Åtte samlingar/ 88 deltakarar/ delteke i to gravferder/ leia 2 gudstenester: Diakoniens Dag i Nesland og ei i Rauland/



medansvarleg for markering av Verdsdagen for Psykisk helse i Grunge kyrkje/ leia Salme – og Solidaritetskveld i Rauland kyrkje i samband med 75 års jubileet til Kirkens Nödhjelp/ delteke på gudstenester på Vinje Helsesenter og Omsorgssentret i Rauland/ undervist på MESTA, Åmot, om å ta vare på seg sjølv og andre/ saman med Styret for Diakonatet ansvarleg for Verdiseminaret; Tema VON. (34 stk) / undervist

konfirmantane om Fasteaksjonen/ medansvarleg for Solidaritets konsert for Ukraina i Vinje kyrkje/ saman med Torleiv Berdal arrangert ein pilegrimsvandring light frå Nesland kyrkje- Berdal/ medansvarleg for Adventssamlinga for Vaksenopplæringa i Vinje kyrkje/ delteke på Lysmesse på Vinjehuset/ to soknebod/ delteke på ordinasjon av kantor/

(Samtaler 117)



**Kviteseid:** delteke på Diakonidag i Kviteseid kyrkje/ andakt på eitt føremiddagstreff på Misjonshuset/ i lag med lærar Hamish Moor på Kvitsund Gymnas leia ”Guys – Group” 2 gonger med 20 deltakarar/delteke på to diakoniutvalsmøte og vore med på vegleiingskveld for Besökstensta i Kviteseid/delteke på to samlingar i gruppa Optimistane. (Ei gruppe for dei som har/ hatt kreft) / delteke på Sommar og Adventsfest for Lundenjordet

arrangert av Diakoniutvalet/ delteke på Pilegrimsvandring med Kvitsund Gymnas/ saman med Diakoniutvalet arrangert ein Språkkafe / delteke på juleavslutning for kyrkjestaen/ vore med Dagsenteret på Midsundtoppen på fem turar/ ein Øpen Hall i Kviteseid med Frivilligsentralen/ undervist om Sorg for Kvitsundlærarne/ delteke på Krisedag for Ungdomskulen i Kviteseid/ delteke på to VIP- samlingar på Kvitsund/ delteke på marketing av Verdsdagen for psykisk helse på Kviteseid skule/ eitt soknebod/

(Samtaler 92 )

**Fyresdal** /leia ei Etisk- Refleksjonsgruppe på POS ( 3 gonger med 10 deltarar)/ leia ei felles Sorggruppe mellom Fyresdal og Tokke (4 gonger med 20 deltarar) delteke på Diakoniens Dag/ eitt soknerådsmøte/ saman med prest og kyrkjevert starta ein ny Gå- vidare gruppe ( 16 deltarar gonger 2)/ leia 2 gravferder/ Delt ut 12 matkasser til jul, mange av dei i samarbeid med Psykisk helse/ delteke 2 gonger på BLAKK, klubb for 5-8 klasse på Betel/ vore med på Salme – og Solidarietskveld i Veum kyrkje/ delteke på eit Føremiddagstrekk på Betel/ halde 17 mai tale/



(Samtaler 73 )



**Nissedal.** To diakoniutvalsmøter/ delteke på konfirmantundervisning/ eit Krisegruppemøte/saman med prest og Diakoniutval ansvarleg for Diakonisamling for Vest- Telemark, med samling i Treungen kyrkje og på Bedehuset. ( 64) Tema for dagen var feiring av Frivillighetas år/ / saman med Oddrun Rekvik frå Diakoniutvalet/ Frivilligsentralen ansvarleg for Kvileplassen, gruppe for pårørande til menneske med demens ( 4 gonger 11 deltarar)/ delteke på Eldredagen i regi av Pensjonistlaget og Frivilligsentralen/

(Samtaler 36 )

**Tokke.** Leia Askeondagsmessan på Tangane og arrangert ein Salme – og Solidaritets kveld for å



markere at Kirkens Nødhjelp er 75 år/ / Fire stabsmøte /ansvarleg for Kirkens Nødhjelp - aksjonen i Eidsborg/Mo/Skafsd med det fantastiske resultatet av 175 000/ derav 100 000 frå Tokke kommune/ leia 4 gravferder / Styremedlem i Tokke Frivillig Sentral vald av Eidsborg, Mo og Skafsd sokneråd/ i samarbeid med Frivillig-



sentralen leia ei gruppe for pårørande til demente kalla Kvileplassen/ (1 samling) er med i redaksjonen for Kyrkjelyden/ saman med soknerådet i Eidsborg/Mo/Skafsd arrangert støttekonsern for Ukraina/ saman med soknepresten med i arbeidet for Rui-seminaret /leia Diakoniens Dag på

## ÅRSRAPPORT for PROSTIDIAKONEN I VEST-TELEMARK 2022

Kulturhuset med markering av Verdsdagen for psykisk helse/ medlem Hus -styret for Storvegen 208/ halde appell i samband med ei utvisningssak (Hinda) på Dalen/

(Samtaler 128 )

### Tal og arrangement felles for Tokke, Vinje, Nissedal, Fyresdal og Kviteeid.

Tre styremøter i Prostidiakonatet /ansvarleg for Diakonisamlinga for Vest Telemark i Nissedal med utdeling av Diakoniprisen til Liv Lia, Nissedal/ ansvar for Diakonispalta og Fasteaksjonsidene i Vest-Telemark Blad /Prosjektleiar for pilegrimsvandringa frå Grungedal til Røldal med namnet ”Å vandre med håp/medlem av Brukarutvalet for NAV- Vest- Telemark (2 møte)/ saman med prosten leia eit digitalt møte med sokneråda om korleis ta imot flyktningar frå Ukraina/ saman med kyrkekontora i Tokke og Vinje ansvarleg for Kyrkjas deltaking på Yrkesmessa på Vest Telemark Vidaregåande skule/ prosjektansvarleg for Vandring for Forandring ( Pilegrimsvandring for etterlatne menn) i med RVTS Sør, Øvre Telemark prosti og Agder og Telemark bispedømer ( seks deltakarar )/ organisert markering av FNs Internasjonale Flyktningdag saman med Prosten i Øvre Telemark/ undervist om Fasteaksjonen på konfirmanttreff i Seljord (to kveldar) / delteke på to prestekonvent i regi av prosten i Øvre Telemark/

### Saker og ting utanfor Vest- Telemark.



Leiar 2 ABV- grupper ( tverrfagleg kyrkjeleg vegleiing) i Agder og Telemark/ delteke på samlingar for ABV-vegeleiara i Agder og Telemark (4 samlingar)/ /to undervisning dagar på AOFs Vidareutdanning innan Psykisk helse og Rus / undervist tilsette ved Nesbukti Sjukeheim i Seljord, ein kveld/ delteke på Fagdagar for diakonar/ diakoniarbeidar på Vegartun/ gjeve vegleiing til to nye diakonar i Tinn ( 8 timer) Sist sommar hadde eg også eitt to vekers engasjement som sjukehusdiakon på Diakonhjemmet, Oslo. Er engasjert i Nettkirkens Chatteteneste under Kyrkjerådet og medlem i Diakonifaglig Råd på VID/Diakonhjemmet/ snakka om pilregrimsvandringar for diakonane på Øvre Romerik/ vore med i ei gruppe under Kyrkjerådet som ser på Kyrkjas rolle i Samfunnsinstitusjonar/ medlem av nemnda som førebudd Diakoniens Dag på Diakonhjemmet, Oslo /delteke på seminar under Olavsfest i Trondheim/ vegleiia stipendiatar ved Seljord Folkehøgskule (1 dag) / delteke på Stiftsdagane for Agder og Telemark samt på kurs om Ungdomsdiakoni med Kjell Nordstokke i Kristiansand/delteke på ordinasjon av Helene Sele og Åsne Gotehus Køhn i Sauherad kyrkje i september/ halde inspirasjonsføredrag på samling for

Sjømannskirka region Sør i Mandal/ undervist for Midt-Telemark Seniorerklæring om «Medkjensle»/ snakke om Diakoni på teamsmøte for Åpen Folkekirke i Agder og Telemark / snakke om Diakoni på Kyrkjelydsfest for Seljord/ saman med em. diakon Ivar Solbu invitert diakonane i Øvre Telemark og diakonikonsulenten i A/T til julebord på Nutheim/



Takk til alle gode samarbeidspartar. I kyrkje og kommunar. Til KVITO og DPS i Seljord.  
Til alle gode medarbeidarar i , sokneråd og diakoniutval, prestane og friviljuge på mange nivå.

Takk til styre, og styreleiar i Diakonatet Oscar j. Garnes som har vore styreleiar sidan 1995.

Eilev Erikstein, prostidiakon i Vest- Telemark

(91 11 35 80)

Dalen 31.12.22